



Majo Eigedom AS  
Fosse  
5911 ALVERSUND

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2009/1494 - 22606/2009	Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	145/81	15.10.2009

Delegert sak

## Godkjent rammeløyve for ein- og tomannsbustader – 13 bueiningar Majo Eigedom AS - gbnr 145/81 og 90 - Indre Fosse

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteken 20.07.2009 og vedlagt:

- Teikningar, terrengprofil, 3D-bilde
- situasjonsplan motteken 20.07.2009, datert 16.07.2009
- søknad om ansvarsrett /lokal godkjenning av føretak
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering

### Saksutgreiing:

Søknaden gjeld rammeløyve for bygging av bustader i nytt felt, i samsvar med reguleringsplan godkjent 10.05.2007.

Det er godkjent utsleppsløyve via privat slamavskiljar til sjø. Det skal førast fram kommunalt vatn i privat fellesledning. Det er lagt opp til parkering for det enkelte hus på eiga tomt, bortsett frå to hus med sekundærhusvære som får biloppstillingsplassar på fellesareal. For at desse husa skal vera sikra sine lovpålagte to plassar pr husvære, må dette forholdet vera formalisert som ein eksklusiv rett.

Det er søkt om oppføring av 8 bustadbygg: 3 reine einebustader, 3 einebustader med utleigehusvære og 2 tomannsbustader – totalt 13 bueiningar.

### Vedtak:

Søknaden om rammeløyve etter plan- og bygningslova §§ 93 og 95, vert godkjent på følgjande vilkår :

1. Bygningane skal plasserast i samsvar med situasjonsplan datert 16.07.2009. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, og **dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande**. Det skal også sendast inn tilsvarande dokumentasjon på ferdige bygg (PBL § 70 nr. 1).

(forts.)

2. Bygningane skal knytast til offentleg vatn. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring av sanitæranlegg sendast til kommunen ved teknisk drift på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
3. Det skal sendast inn avfallsplan (avfallsforskrifta kapittel 15 om byggavfall).
4. Dersom nokon av bustadene skal ha nokon av sine biloppstillingsplassar utanom eiga tomt, skal dette tinglysast.
5. Det må ikkje settast i gang arbeid før det er gjeve igangsettingsløyve for tiltaket eller for deler av det (pbl §§ 93 og 95).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at rammeløyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

**Godkjenningar** i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK		Majo Eigedom AS
PRO/KPR	Bygningar og konstruksjonar og anlegg, tkl.1	Majo Eigedom AS

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ .

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.


C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)			
Basisgebyr. Tiltakskl.1. Første bueining	11.400,-	1	11.400,-
Basisgebyr bueining 2 – 5, 50%	5.700,-	4	22.800,-
Basisgebyr bueining 6 - 13, 20%	2.280,-	8	18.240,-
Tilleggsgebyr, lite	2.400,-	1	2.400,-
SUM			<b>54.840,-</b>

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Tor Hegle (s)  
fagleiar byggesak



Knut Bjørnevoll

Kopi til:  
Teknisk drift, Her